

**Utval:** Utval for opplæring og helse  
**Møtestad:** Sunnhordland, 4. et., Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5  
**Dato:** 14.01.2016  
**Tidspunkt:** 10:00-15:40

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Leiar	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Dan Stian Femoen	Medlem	H
Ragnhild Fagerbakke	Medlem	H
John Helge Gullaksen	Medlem	H
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Alexander Fosse Andersen	Nestleiar	SP
Solbjørg Helen Krossli Marjala	Medlem	R
Daniel Charles Hextall	Medlem	SV
Tor André Ljosland	Medlem	KRF
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Elizabeth Toft Erichsen	Medlem	V

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Arne Åsan	Fylkestannlegen
Linda Farestveit	Seksjonsleiar skule
Birthe Haugen Andersen	Seksjonsleiar fellestenester
Nina Ludvigsen	Seksjonsleiar OT/PPT
Torbjørn Mjelstad	Seksjonsleiar fagopplæring
Tor Ivar Sagen Sandvik	Spesialrådgjevar, opplæringsavdelinga
Mari-Kristine Morberg (Mobbeombod)	Rådgjevar, opplæringsavdelinga
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, økonomi- og organisasjonsavdelinga

Sakliste Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/16	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 2/16	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 3/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/16	Rekruttering til helse- og oppvekstfag - løypenmelding	2014/20202	
RS 2/16	Fordeling av tilskot til tilbydarar av helsefagskuleutdanning 2015	2014/12978	
RS 3/16	NDLA - Årsmelding 2014	2015/11767	
RS 4/16	Svar på spørsmål vedk. vaksenopplæring	2015/12658	
RS 5/16	Svarbrev Bygningsgruppen i Bergen	2015/8565	
RS 6/16	Spørsmål til revisjon av lokal forskrift om inntak og formidling-justert svar	2015/10391	
RS 7/16	Tillegg til sak om fylkeskommunale observatørar styrene til private skular	2015/10949	
RS 8/16	Samorganisering av Årstad vgs/Björgvin, Lønborg vgs og Åsane vgs	2014/10030	
RS 9/16	Moglegheiten for å bygge "Nye" Åsane vgs som Vardeprosjekt	2015/9824	
RS 10/16	Notat vedk. innføring og utvikling av Visma Flyt Skole	2015/12395	
PS 4/16	Fylkeskommunale styremedlemmer i private skular	2015/10949	
PS 5/16	Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15	2015/1090	
PS 6/16	Høyring om endring av opplæringslova - Praksisbrevordninga. Hordaland fylkeskommune	2015/9256	
PS 7/16	Sidemålsforsøk i vidaregåande opplæring	2015/12481	
PS 8/16	Ymse		

## **PS 1/16 Godkjenning møteinnkalling og saksliste**

**Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 14.01.2016**

### **Vedtak**

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjend.

## **PS 2/16 Godkjenning møteprotokoll forrige møte**

**Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 14.01.2016**

### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møtet 03.12.2016 vart godkjend.

## **PS 3/16 Referatsaker (meldingar)**

**Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 14.01.2016**

John Helge Gullaksen (H) sette fram slikt forslag:

«Det er nå kommet inn nye opplysninger i sak 89/15 som ble vedtatt i opplæring og helse 10/11-15. De nye opplysningene styrker utvalgets vedtak. Siden vedtaket ble bestemt i fylkesutvalget samme dag, ber vi nå om at saken kommer opp til ny behandling.»

Gullaksen trekte forslaget sitt.

### **Vedtak**

Utval for opplæring og helse tek referatsakane til orientering.

**RS 1/16 Rekruttering til helse- og oppvekstfag - løypenmelding**

**RS 2/16 Fordeling av tilskot til tilbydarar av helsefagskuleutdanning 2015**

**RS 3/16 NDLA - Årsmelding 2014**

**RS 4/16 Svar på spørsmål vedk. vaksenopplæring**

**RS 5/16 Svarbrev Bygningsgruppen i Bergen**

**RS 6/16 Spørsmål til revisjon av lokal forskrift om inntak og formidling- justert svar**

**RS 7/16 Tillegg til sak om fylkeskommunale observatørar styrene til private skular**

**RS 8/16 Samorganisering av Årstad vgs/Bjørgvin, Lønborg vgs og Åsane vgs**

**RS 9/16 Moglegheiten for å bygge "Nye" Åsane vgs som Vardeprosjekt**

**RS 10/16 Notat vedk. innføring og utvikling av Visma Flyt Skole**

## **PS 4/16 Fylkeskommunale styremedlemmer i private skular**

### **Forslag til vedtak**

Frå 01.01.16 vert følgjande oppnemnt som styremedlemmer ved dei frie vidaregåande skulane i Hordaland fylke:

Framnes kristne vidaregåande skule: Regionleiar Annbjørg Laupsa  
Danielsen vidaregåande skole og Danielsen intensivgymnas: Seksjonsleiar Linda Farestveit  
Krokeide vidaregåande skole: Seksjonsleiar Torbjørn Mjelstad  
Rudolf Steinerskolen i Bergen: Regionleiar Sissel Øverdal  
Metis Akademiet Bergen: Regionleiar Sissel Øverdal  
Bergen Private Gymnas: Regionleiar Sissel Øverdal  
Sonans Bergen: Regionleiar Sissel Øverdal  
Kongshaug musikkgympnas: Seksjonsleiar Birthe Haugen  
Hop vidaregåande skole: Regionleiar Hillevi Runshaug  
St. Paul gymnas: Regionleiar Hillevi Runshaug  
Steinerskolen på Skjold: Seksjonsleiar Nina Ludvigsen

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 10.11.2015**

**Katrin Innvær Ankervold** sette fram følgjande forslag på vegner av AP/KRF/SV/R/SP:

«Utsett saken til første ordinære møte i OPHE. Vurdere politisk representasjon i styret.»

#### **Røysting**

Utsettingsforslaget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Saka vert utsett til første ordinære møte i OPHE. Vurdere politisk representasjon i styret.

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 14.01.2016**

Solbjørg Marjala (R) sette fram slikt forslag:

«Utval for opplæring og helse oppnemner politisk valde representantar i styra ved dei frie vidaregåande skulane i Hordaland.»

#### **Røysting**

Marjala sitt forslag fekk 1 røyst og fall.  
Innstillinga vart vedteke mot 1 røyst (R).

#### **Vedtak**

Frå 01.01.16 vert følgjande oppnemnt som styremedlemmer ved dei frie vidaregåande skulane i Hordaland fylke:

Framnes kristne vidaregåande skule: Regionleiar Annbjørg Laupsa  
Danielsen vidaregåande skole og Danielsen intensivgymnas: Seksjonsleiar Linda Farestveit  
Krokeide vidaregåande skole: Seksjonsleiar Torbjørn Mjelstad  
Rudolf Steinerskolen i Bergen: Regionleiar Sissel Øverdal  
Metis Akademiet Bergen: Regionleiar Sissel Øverdal  
Bergen Private Gymnas: Regionleiar Sissel Øverdal  
Sonans Bergen: Regionleiar Sissel Øverdal  
Kongshaug musikkgympnas: Seksjonsleiar Birthe Haugen  
Hop vidaregåande skole: Regionleiar Hillevi Runshaug  
St. Paul gymnas: Regionleiar Hillevi Runshaug  
Steinerskolen på Skjold: Seksjonsleiar Nina Ludvigsen

## **PS 5/16 Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15 for Hordaland fylkeskommune* til orientering.

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 30.11.2015**

#### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15 for Hordaland fylkeskommune* til orientering.

#### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:**

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15 for Hordaland fylkeskommune* til orientering.

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 03.12.2015**

Utvalseiar **Emil Gadolin** sette fram følgjande forslag:

«Saka vert utsett til neste møte i OPHE».

#### **Røysting**

Gadolin sitt utsetjingsforslag vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

Saka vert utsett til neste møte i OPHE.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015**

Saka var utsett i utval for opplæring og helse, og vart difor ikkje behandla.

#### **Innstilling til fylkestinget**

Det ligg ikkje føre innstilling frå fylkesutvalet. Saka vart utsett i utval for opplæring og helse. Fylkesutvalet behandla difor ikkje saka.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 08.12.2015**

Saka vart utsett i utval for opplæring og helse, og vart ikkje behandla i fylkesutvalet. Fylkestinget behandla difor ikkje saka.

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 14.01.2016**

Solbjørg Marjala sette på vegner av R fram slikt oversendingsforslag:

«Mange med minoritetsbakgrunn ønsker å bli helsefagarbeider. Fylkeskommunen bør forplikte seg til å følge opp denne gruppen spesielt da det vil medføre både integrering og at samfunnet får den nødvendige kompetansen. Det bør prøves ut tiltak i introduksjonsprogrammet som kan føre til økt norsk nivå for de som allerede da ønsker å bli helsefagarbeider.»

Alexander Fosse Andersen (Sp) sette på vegner av Sp, Ap, KrF og SV fram slikt forslag om tilleggspunkt til innstillinga:

«Ved seinare tilstandsrapportar ynskjer fylkestinget at skulehelsetenesta vert kommentert som ein eigen del i tilstandsrapporten.»

Solbjørg Marjala sette på vegner av R fram slikt oversendingsforslag:

«Tilstandsrapporten i vidaregåande opplæring er lagt fram som sak i opplærings- og helseutvalet. Rapporten omtaler læringsresultatet, frafall og læringsmiljø. Videregående skole

er lærere og elever og å skrive en tilstandsrapport uten å berøre grunnleggende organisering som klassestørrelse og grunnbemanning blir ufullstendig.»

### **Røysting**

Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Marjala sine forslag vart oversend fylkesrådmannen på vegner av forslagstillaren utan realitetsbehandling.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget tek *Tilstandsrapport vidaregåande opplæring 2014/15 for Hordaland fylkeskommune* til orientering med slik merknad:

Ved seinare tilstandsrapportar ynskjer fylkestinget at skulehelsetenesta vert kommentert som ein eigen del i tilstandsrapporten.

## **PS 6/16 Høyring om endring av opplæringslova - Praksisbrevordninga. Hordaland fylkeskommune**

### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si innstilling på følgjande punkt:

1. Læreplanar for praksisbrevet bør utformast sentralt
2. Det blir vurdert som urealistisk at ordninga ikkje skal vere kostnadskrevjande å innføre og drifte
3. Det er ikkje naudsynt å pålegge alle fylke å tilby ordninga med praksisbrev, men det kan vere eit tilbod som ei frivillig ordning på nokre skular

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 14.01.2016**

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen si innstilling på følgjande punkt:

1. Læreplanar for praksisbrevet bør utformast sentralt
2. Det blir vurdert som urealistisk at ordninga ikkje skal vere kostnadskrevjande å innføre og drifte
3. Det er ikkje naudsynt å pålegge alle fylke å tilby ordninga med praksisbrev, men det kan vere eit tilbod som ei frivillig ordning på nokre skular

## **PS 7/16 Sidemålsforsøk i vidaregåande opplæring**

### **Forslag til vedtak**

Utvalet for opplæring og helse tek saka til etterretning og sluttar seg til fylkesrådmannen si tilråding om at det på noverande tidspunkt ikkje blir innført forsøk med språkdelte klassar i vidaregåande skular før det føreligg meir forskning.

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 14.01.2016**

Solbjørg Marjala (R) sette fram slikt tilleggsforslag:

«Utval for opplæring og helse er oppteken av å sikre eit levende og aktivt nynorsk skriftspråk i vidaregåande skule i Hordaland. Målet må vere at alle elever får all undervisning og alt undervisningsmateriell i alle fag på hovudmålet sitt. Utvalet for opplæring og helse ber fylkesrådmannen arbeide aktivt for å få gjennomført eit forskingsprosjekt i samarbeid med

Universitet i Bergen og eventuelt andre forskingsinstitusjonar for å få avklart i kva grad det skjer målbyte mellom elever i Hordaland, kvifor dette skjer og kva som kan gjerast for å motverke det. Utval for opplæring og helseber om ei sak om korleis nynorsk kan styrkast i vidaregåande skule i Hordaland.»

### **Røysting**

Marjala sitt forslag fekk to røyster (R og SV) og fall. Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Utval for opplæring og helse tek saka til etterretning og sluttar seg til fylkesrådmannen si tilråding om at det på noverande tidspunkt ikkje blir innført forsøk med språkdelte klassar i vidaregåande skular før det føreligg meir forskning.

## **PS 8/16 Ymse**

### **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 14.01.2016**

Opplærings- og helseutvalet fekk ei orientering om Media City Bergen frå Kari Birkeland (Amalie Skram) og Entra AS.

Fylkestannlegen orienterte om status og framdrift til klinikkstrukturplanen.

Dan Stian Femoen sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag:

«I slutten av desember 2015 kunne vi lese i Bergensavisen at det er sendt en henvendelse til Hordaland fylkeskommune om å leie skolebygget på Paradis (nå Fana Gymnas). Utvalg for oppæring og helse ber administrasjonen prioritere denne henvendelsen, slik at man eventuelt kan få en kontinuerlig skoledrift i bygget.»

Femoen sitt forslag vart oversendt til fylkesrådmannen på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

## **OPEN TIME**

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** stilte følgjande spørsmål:

«Finansiering til elev- og lærlingombod og skulepsykologar vart vedteke i budsjettet for 2016, kva er status?»

Fylkesdirektør opplæring svarte på spørsmålet.

**Solbjørg Marjala (R)** stilte følgjande spørsmål:

«Har fylkeskommunen fått ein førespurnad om leie av Fana gymnas? Kva er svaret til fylkesrådmannen?»

Fylkesdirektør opplæring svarte på spørsmålet.

**Alexander Fosse Andersen (Sp)** stilte følgjande spørsmål:

«Høyrrer at Garnes vidaregåande skule er interessert i å starte eit studieområde om gaming. Kva er rutinane ved oppretting av nye programfag/liner?»

Fylkesdirektør opplæring svarte på spørsmålet.

**Katrin Innvær Ankervold (A)** stilte følgjande spørsmål:

«Er det mogleg å gjere prosess med forslag og endringar digitalt, ved å sende dei direkte til sekretær og få dei utsendt på mail eller vist på storskjerm?»



Spørsmålet vart oversend administrasjonen.

**Katrin Innvær Ankervold (A)** stilte følgjande spørsmål:

«Det kan vere vanskeleg å vere ny med alle forkortingar som vert brukt i sakspapir. Er det mogleg å få ein oversikt over desse, samt eit kart der skulane er plotta inn og kor elevmassen søker?»

Fylkesdirektør opplæring svarte på spørsmålet.

**Solbjørg Marjala (R)** stilte følgjande spørsmål:

«Angående mobbeombodet og presentasjonen hennar, har tilsvarande vurderingar vore gjort i dei private skulane? Har det vore kontakt med dei?»

Fylkesdirektør opplæring svarte på spørsmålet.